

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	HistSak - 10/380	14/723

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014
	Kommunestyret	PS	

Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2014 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2014 – 2016, og i tråd med saksutgreiinga.

Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har hatt driftsavtale med Masfjord fotballag for drift og vedlikehald av Nordbygda sentralidrettsanlegg. Noverande avtale gjekk ut ved årskifte, heimla i KS sak 69/10 og var ein 3-årig avtale for 2011 til og med 2013. Forlenging av avtalen for åra 2014-16 vert fremja.

Vurdering

Eksisterande avtale vert vidareført med prisjustering i høve konsumprisindeksen – med mindre endring under pkt. 2.

FRAMLEGG TIL DRIFTSAVTALE MELLOM MASFJORD FORBALLAG OG MASFJORDEN KOMMUNE FOR NORDBYGDA SENTRALIDRETTSANLEGG 2014-2016

(Vedteke i Masfjorden kommunestyre sak x/14 den 19.06.2014)

1. Avtalepartar er Masfjord fotballag og Masfjorden kommune.
2. Masfjorden kommune står som eigar av Nordbygda Sentralidrettsanlegg medrekna grasbane, friidrettsbane, treningsfelt kunstgras, sand-vollyballbane og garderobebygg/klubbhus.

3. Avtaleperioden gjeld for perioden 01.01.2014 til og med 31.12.2016, med ei oppseiingstid for kvar av partane på 1 år. Ved misleghald kan avtalen seiast opp straks.
4. Masfjorden kommune dekker dei naudsynte forsikringar for bygg og anlegg, inklusivt skade på anlegg som skuldast ytre påverknad på anlegget.
5. Masfjord fotballag tek på seg drift og vedlikehald av heile anlegget jfr. Pkt 2, medrekna kostnader ved forbruk av straum og elektriske installasjonar.
6. Risnes I.L., Idrettsrådet i Masfjorden samt Masfjorden kommune har møterett til banenemnda for anlegget.
7. Melding om val i banenemnda vert sendt Masfjorden kommune ved rådmannen når dette er gjort. Innkalling vert sendt minst 1 veke før møtet.
8. Masfjord fotballag ved banenemnda sender driftsrekneskap, årsbudsjett og tilstandsrapport for anlegget og området rundt, til kommunen v/rådmann innan 1. mars kvart år.
9. Masfjord fotballag har i avtaleperioden rett til å selja reklametjenester på og ved anlegget, samt driva kiosksal ved arrangement på anlegget. Utleige/utlån av bygget til arrangement.
10. Kommunalt driftstilskot til Masfjorden fotballag vert årleg på kr 155.000,- utan indeksregulering.

Konklusjon

Driftsavtale mellom kommunen og Masfjord fotballag for drift og vedlikehald av Nordbygda sentralidrettsanlegg vert vidareført for åra 2014-16 m/prisjustering av tilskot med pristigning sidan sist avtaleperiode.

Formannskapet - 049/2014

FS - behandling:

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Opplysning frå rådmann Svein Helge Hofslundsengen i høve søknad om fornya driftsavtale:

Søknad frå Masfjord fotballag om auke med 10% høve noverande avtale, kr. 165.000,-. Tilrådd tilskot i tråd med konsumprisindeksen – kr. 155.000,-.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - vedtak:

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2014 – 2016, og i tråd med saksutgreiinga.

Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.